



FUSA KOMMUNE

Kultur

Det kongelige kommunal og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Løpenummer : 13/6762
Arkivkode : FA-C83, TI-&13
Sakshandsamar : Erik Vangsnes
Direktenr. tlf. : 56580153

Dato : 04.11.2013

Vår ref.:
Saksnr.: 12/194 - 10
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

UTTALE TIL NOU 2011: 20 UNGDOM, MAKT OG MEDVIRKNING

24.09.2013 UNGDOMSRÅDET

Vedtak i sak 022/13:

Fusa ungdomsråd samla seg om slik samrøystes uttale i saka:

I Fusa har vi gode erfaringar med at ungdomsrådet har forslagsrett og avgjerdsmynde. Talerett i andre politiske organ har så langt ikkje vorte brukt. Skal ein berre vera eit medverknadsorgan utan eigne saker vert det ei meir passiv rolle som truleg ikkje blir like attraktiv og engasjerande. Får ungdomsrådet meir sjølvstendig makt er det lettare å få det til å bli eit vitalt og aktivt organ.

I Fusa har ein praktisert at ungdomsrådet vert involvert i saker der barn og unge har særlege interesser. Vi har prøvd ut om ungdomsrådet skal ha alle saker som t.d. alle reguleringsplanar. Dette fungerer dårleg, sidan ungdom då må ta stilling til saker som vert opplevd til å vera av perifer og lita interesse. Når ein skal sila og velga ut kva saker som er relevante er det likevel alltid ei fare at ungdomsperspektivet vert utegløymt i viktige saker.

I Fusa har ungdomsrådet innstillingsrett overfor formannskap og kommunestyre.

Det å rekruttera til ungdomsrådet utanom skulane har synt seg å vera vanskeleg. Vi har prøvd oss med annonsering og plakatar, men med liten respons. I Fusa er det ingen kommunale fritidsklubbar og få typiske ungdomsorganisasjonar. Det å rekruttera frå "ungdomar flest" og uorganiserte er vanskeleg, kanskje særleg ute på bygdene. Ein bør ikkje lovfesta noko som kan bli vanskeleg å gjennomføra i praksis.

Når det gjeld valperiode så hadde det vore ein fordel med ein lengre valperiode enn eitt år som vi har i dag. Med to år som funksjonstid måtte ein gjera val med kandidatar frå 9. klasse og første eller andre år på vidaregåande, t.d. annakvart år. Dette vil fungera.

Spørsmålet om krav til heimstadkommune er ikkje lett å gje eit eintydig ja eller nei på. I Fusa har vi opna for at elevar ved Fusa vidaregåande skule som er buset i andre kommunar har vore valde inn i ungdomsrådet. Dette gjeld både hybelelevar og heimebuande. Problemet med dette er at ungdom frå andre kommunar har liten kjennskap til ungdomsmiljøet i Fusa og ofte heller ikkje noko stort engasjement i dette. På andre sida kan ein få nyttige innspel frå ungdom med andre erfaringar frå eigen heimstadkommune og hybelelevane har også viktige erfaringar ein bør lytta til. Fusa ungdomsråd vil likevel konkludera med at det er ein fordel at representantane i ungdomsrådet er fastbuande i same kommunen.

Når det gjeld øvre og nedre aldersgrense så ser ein at det kan vera ein fordel at ein ikkje har for stort alderssprik. I Fusa har det vore få representantar eldre enn 20 år. Det bør vera opna for at ungdom i heile tida på vidaregåande kan engasjera seg i ungdomsrådet. Ungdomsrådet meiner difor at det hadde vore greitt om ein kan velgast frå alle tre trinna på ungdomsskulen og til og med det året ein fyller 20 år.

Med helsing

Erik Vangsnes
Sekretær for Fusa ungdomsråd